

ÅRSMELDING FOTBALLGRUPPA FOR 2025

Gruppa 2025: Jan Ove Hopland(leiar), Runar Tvinnereim, Ronny Tvinnereim, Emil Skrede, Rasmus Normann Hellevang.

Antal ungar i bygda går nedover og det merkast og på aktiviteten fotballen. Vi held likevel fram med samarbeidet med Vetten, og 4-5 ungar frå laget deltok i miniputt.

Vi deltok med 3 lag i Kongleriketturneringane og ett lag i seriespel

Miniputt: Vi deltok med ett lag i G7 og 2 lag i G9. Lagleiarar har vore Hans Erik Rand Roset, Thomas Mandal Bergset og Odd Arne Bergset. 4 Kongleriketturneringar.

J10: Lagleiar var Hans Erik Rand Roset. På dette laget var det ingen frå Hardbagg som deltok. Ei trening i veka og kampar mot lag frå Nordfjord.

Takk til Edvar Tvinnereim som var ansvarleg for dømning på heimekampane våre.

Det spesielle veret i fjor vinter gjorde at det vart rekordtidleg bert på Ålandsleitet, so istadenfor påskeskirenn vart det laga til en fotballkamp i påska. Det var unge mot gamle og dei gamle trekte det lengste strået og vann kampen 5-2.

Medlemar i laget som spelte for Stryn:

J12: Elisabeth Normann Hellevang

G12: Loke Oterholt Tvinnereim

G13-14: Storm Andre Oterholt Tvinnereim, Sivert Rand Hopland

J13-14: Lovise Tytingvåg, Pernille Normann Hellevang

Stryn A/Stryn 2: Georg Hopland, Jonas Rand Hopland

Medlemar i laget som spelte for Hornindal:

A-lag: Martin Aaland, Truls David Takle Tytingvåg, Rasmus Hopland

Sonelag Nordfjord G13: Sivert Rand Hopland

Juleturneringa vart arrangert som vanleg i Strynehallen 2.juledag og det var god deltaking. 17 herrelag og 6 damelag deltok. Takk til Torstein Tvinnereim for organisering nok en gong. Takk og til Inge Matias Tvinnereim som speaker og ikkje minst Jon Terje Tjellaug som stilte på som dommar i turneringa.

Takk og til alle som elles har bidrege til aktivitet.

Fotballgruppa